

**FØRESEGNER TIL REGULERINGSPLAN DEL AV GNR 30 I JONDAL, GNR 11/369 I KVAM
"REGULERINGSPLAN KVERNURDI"**

**Stadfesta av Miljøverndepartementet i brev av 18. januar 2010
i medhald av § 27-2 i plan- og bygningslova av 14. juni 1985**

- § 1. Det regulerte området er vist med plangrense på reguleringsplankart sist datert 01.04.09 i målestokk 1:2000.
- § 2. Arealet innafor plangrensa er i samsvar med § 25 i Plan- og bygningslova av 1985 regulert til:
§ 26 1. ledd nr. 6 Spesialområde
- 670 Steinbrot (S1)
 - 670 Opplag/tilkomst steinbrot (OT1-5)
 - 699 Vegetasjonsbelte steinbrot (VB1-6)
- § 3. Spesialområde - Steinbrot. (S1)
Masseuttak skal til ei kvar tid skje etter driftsplan godkjent av Bergvesenet. Før det vert sett i gang drift i nye område skal det vera utarbeidd og godkjent driftsplan for området. Driftsplanen skal gjera greie for uttaksdjup, avslutningsnivå og uttaksrekkefølge, og sikra fastsette krav til avslutning.
- Innafor område kan det etablerast basar (riggplass, bygningar) som er turvande for drifta. Desse skal takas bort når drifta avsluttas.
- Slutthandsaming av steinbrot og deponi skal vera i samsvar med avslutningsplan datert 22.10.09 og føresetnadar i § 6 i føresegna her.
- Etter avslutta drift er områda regulert til landbruksområde - Skogbruk.
- § 4. Spesialområde - Opplag/tilkomst steinbrot. (OT1-5)
Bruk av opplag/tilkomstområda skal til ei kvar tid skje etter driftsplan godkjent av Bergvesenet. Før det vert sett i gang drift i nye område skal det vera utarbeidd og godkjent driftsplan for området. Driftsplanen skal gjera greie for vegar, mellombels og permanente masseopplag, avslutningsnivå og uttaksrekkefølge, og sikra fastsette krav til avslutning.
- Innafor område kan det etablerast basar (riggplass, bygningar) som er turvande for drifta. Desse skal takas bort når drifta avsluttas.
- Slutthandsaming av terreng og deponi skal vera i samsvar med avslutningsplan datert 22.10.09 og føresetnadar i § 6 i føresegna her.
- Etter avslutta drift er områda regulert til landbruksområde - Skogbruk.
- § 5. Spesialområde - Vegetasjonsbelte steinbrot. (VB1-6)
I området skal eksisterande vegetasjon bevarast. Der det er fare for skade på tre/vegetasjon ved fylling i tilgrensande opplag/tilkomstområde skal vegetasjon sikrast.
- Etter avslutta drift i tilgrensande steinbrot/opplag/tilkomstområde er områda regulert til landbruksområde - Skogbruk.
- § 6. Avslutning og istandsetting.
Slutthandsaming av terreng i steinbrot, deponi og opplag-/tilkomstområdar skal vera i samsvar med avslutningsplan datert 22.10.09 og oppfylla følgjande føresetnadar;
- I alle områder skal ein der ikkje anna er bestemt meir detaljert, etter avslutta uttak gjen-skape opphavleg terrengprofil innafor følgjande rammer
 - Det skal fylles opp slik at ny terrengprofil maksimalt ligger 25 meter lengre inn enn opphavleg terrengprofil.
 - Nytt terrengnivå skal ikkje noko stader (målt vertikalt) vere meir enn 35 meter lågare enn opphavleg terreng.
 - Nytt terrengnivå skal ikkje noko stader (målt vertikalt) vere meir enn 10 meter høgre enn opphavleg terrengnivå.

- I delområde ST2.1 og ST 4.1 av S1 (Røyneteigmyra) skal det fylles med skrotstein (deponimassar) presis til opphavleg terrengnivå slik at horisontlinja vert uendra.
- Ingen gjenstående vertikale flatar (brattare enn 40°) kan vera høgare enn 10 meter frå topp til botn.
- Ingen fyllingar kan ikkje vera brattare enn 40°
- Om høgda mellom topp og botn i ei skråning/fylling vert meir enn 20 meter skal ho ikkje vera brattare enn 30° .
- På alle flatar og skråningar/fyllingar som er 40° eller slakare skal det fylles på jordmassar og sås til slik at staden vegetasjon kan komme attende etter avslutta drift.